

Lindås Idrettsråd
v/Styremedlem John Helge Walderhaug
E-post:lindaas.idrettsraad@gmail.com
Ansvarlig LIR revidering idrettsplanen.

Lindås kommune
v/Kultursjef Øyvind Stang
Kvernhusmyrane
5914 Isdalstø

Innspel innan høyringsfristen 02.09.2016 Idrettsplanen.

På vegne av idretten tilslutta Lindås Idrettsråd er det mykje positivt å seie om planen, men vi har nokre kommentarar og endringar, men det er ein god plan. Men Lindås kommune må tenkja meir mot nasjonale anlegg. Telemarksforskning sin rapport viser at det er behov for gode og framtidsretta anlegg. Fylkeskommunen oppfordrar også til bygging av anlegg av type Campus.

Nærmiljøanlegg i alle kommunesentra og skulekrinsar må ligge inne på plan slik at dei blir lettare å realisere nå når kommunen opprettar eit fond for å hjelpe det frivillige med finansieringa for nærmiljøanlegg blant anna, dette vil gje godt grunnlag for dugnadsinnsats lokalt og få skapa aktivitet der folk bur.

Så er det og ein annan viktig sak, nyinvestering må ikkje gå utover driftstilskota til idrettslaga.

Vidare må det sikrast areal til anlegga.

- Generelt så bør ikkje fleirbruks haller stå oppført med innhald i planen. Ang. bygging av enkelståande fleirbruks haller, så har Lindås kommune en hall som fungerer meget godt og som skal/kan være Lindås kommune sin «standardhall» for framtida. Innhald kommer i prosjekteringsfasen.
- Knarvik som regionsenter. Her må det planleggjast for anlegg av type campus der både kulturhus, idrett (innandørs og utandørs) og basseng med meir inngår i planane. Dette arbeidet må starte snarast, og arbeidsgruppe må etablerast.
- Kommunesentre i eksisterande kommune Knarvik, Ostereidet og Lindås. Men i en ny stor kommune vil det sjå slik ut:

Regionsenteret Knarvik vil være kommunenesenteret i den nye kommunen. Lokal- og nærsenter vil bli lokalisert på Ostereidet, Lindås, Frekhaug, Vikebø, Manger og Bøvågen. Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet . Dette vil også gjelda for eksisterande bygder.

Handlingsprogram aktivitetar:

*Støtte til adm. Stilling Lindås Idrettsråd. Denne er redusert med kr. 25 000,- til kr. 25 000,-
Her snakkar vi om en 20% stilling og denne må aukast opp igjen til kr. 50 000,- som Lindås
kommune sin del av stillinga der idretten sjølve skal bidra med kr. 50 000,-
Lindås Idrettsråd
E-post: lindaas.idrettsraad@gmail.com*

Det er oppført kr. 200 000,- til forstudie kulturhus og svømmeanlegg, og kr. 200 000,- til samla plan for utvikling av Knarvik Idrettspark. Sjå på alt dette samla og lag plan for trinnvis utbygging som vil gje Nordhordland den arenaen som vil gagne framtida.

Handlingsprogram anlegg:

Ny sak, Nordhordland Ballklubb har fått lovnad frå Gjensidigestiftelsen om liten tribune og kiosk ved eksisterende 11er kunstgrasbane i mellom denne og grasbana. Må inn i plan for at tilslag skal kunne gis/omsøkes.

Ostereidet, rehabilitering friidrettsanlegg er ikkje det Ostereidet ynskjer, skal flytast over på langtidsplan og fleir brukshall type «Lindåshallen» skal inn på planen.

Seim Skyttarlag, innandørсанlegg må inn på plan. Viser til skriv sendt LIR og innspel levert på folkemøte.

Motorsport, det er avsett areal i Kjekvdalen for motorsport. Denne type anlegg må inn på plan i denne perioden.

Handlingsprogram friluftsanlegg og nærmiljøanlegg:

Lindås Sluser

I dokumentasjon for årets kulturmidlar så har kulturetaten i si innstilling endra dette:

Kulturvern og samlingar er ei kategori der ein får få søknadar. Levekårsutvalet kan difor vurdere å redusere denne posten frå 13% til 10% av ramma og nytta kr 68.600 som vert frigjort, til å styrke kategori «Barn & unge» med kr 30.000 og kategori «Andre aktivitetstilbod» med kr 38.600. Ei auke i kategori «Barn og unge» vil vere i tråd med forslag frå Lindås kulturråd.

Lindås slusene er vel kulturminne og det kunne vært overført pengar til dette tiltaket over fleire år, her er det vel internt i kommunen noko har svikta?

Lindås sluser bør gå ut av planen, og pengar frå kulturvern kan nyttast.

Langtidsprogram:

Idrettenshus, dette må sjåast i samanheng med Knarvik Campus og leggjast inn under forstudie Knarvik Idrettspark.

IL Alvidra vil ha inn 11er kunstgrasbane på langtidsplan.

Lindås IL vil ha inn kunstgrass på grasbana i langtidsplan.

Me kan ikkje legga med alle innspel her men vil ta med alt til møtet den 13.09.2016 i prosjektgruppa.

Med hilsen for Lindås Idrettsråd

Ansvarlig revidering kommunedelplanen styremedlem John Helge Walderhaug

Lindås Idrettsråd

E-post: lindaas.idrettsraad@gmail.com